

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



Møtedato: Fredag 27.3.2009
Stad: Hemsedal, Hemsedal skisenter

**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Ivar Brevik,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

SAK 16/09 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 27.2.2009

Vedtak

Møteprotokoll 27.2.2009 vart vedteke.

SAK 17/09 REKNESKAP 2008

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2008 med revisoruttale, og at overskotet på kr. 139 006,97 blir avsett til disposisjonsfond

SAK 18/09 ÅRSMELDING 2008

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2008.

SAK 19/09 NASJONAL TRANSPORTPLAN FRAM MOT HANDSAMING I STORTINGET 11.6.2009.

Regionrådet for Hallingdal drøfta vidare arbeid av Nasjonal Transportplan, fram mot handsaminga i Stortinget 11.6.2009.

SAK 20/09 HALLINGTINGET APRIL 2009

Hallingting (vårtinget) var planlagt over to dagar. Det vart bestemt at det skal vera ein dag tysdag 28.april. Det blir vurdert om hausttinget skal vera over to dagar. Hovudtema på f.k. Hallingting skal vera ungdom.

SAK 21/09 HØYRING, PLANPROGRAM FOR REGIONAL DELPLAN REISELIV I BUSKERUD

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal har ikkje spesielle merknadar til planprogrammet for regional delplan reiseliv for Buskerud. Som ein generell kommentar burde høyringsfrist vera noko lenger, spesielt når det og er påske i tidsrommet for høyring.

SAK 22/09 ORIENTERING OM HEMSEDAL SKISENTER

Dagleg leiar for Hemsedal Skisenter Trond Østby, orienterte om Hemsedal Skisenter. Han tok for seg utviklinga og framtidige planar, og moglegheiter/utfordringar for Hemsedal og Hallingdal

SAK 23/09 MØTEGODTGJERSLE HALLINGTINGET

Regionrådet for Hallingdal drøfta møtegodtgjersle til Hallingtinget.

Møtegodtgjersle på kr. 400 pr. møte har vore gjeldande i 10 år. Ut frå gjeldande satsar for møtegodtgjersle til kommunestyra i Hallingdal, drøfta Regionrådet seg fram til eit forslag til justering av godtgjersle.

Vedtak

Regionrådet for Hallingdal rår til at møtegodtgjersle for møter i Hallingtinget blir godtgjort med kr. 800, - pr. dag, frå og med 1.1.2009.

Ål 3.4.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar